

Bokanmeldelser

ANMELDT AV


Kirsten Rasmussen

OMTALT AV

Gry Kvamme

PUBLISERT 1. januar 2006

Skriv tittel



Svein Magnussen **Vitnepsykologi** Abstrakt forlag, 2004 Kr 385. 302 sider. ISBN 8279351787

Vitnepsykologisk kunnskap kunne, beskjedent sagt, vært bedre hos psykologer og psykiatere som med jevne eller ujevne mellomrom stiller sin ekspertise til rådighet for retten. Svein Magnussens bok er et sterkt bidrag til å bøte på denne kunnskapsmangelen. Gjennom åtte særdeles velskrevne og lettleste kapitler gir boken en innføring i de mest sentrale vitnepsykologiske temaene og forskningen som ligger til grunn.

Innledningsvis settes scenen for hovedtemaer innen vitnepsykologi: Hva kan vi forvente av vitners observasjonsevne og hukommelse? Hvor pålitelig er hukommelsen over tid? Blander man sammen pålitelighet og troverdighet? Hvor gode er vi til å skille mellom løgn og sannhet i vitneforklaringer? Forfatteren slår fast at vitnepsykologi ikke er et eget fag, men et avgrenset område innen rettspsykologien, forankret i kognitiv psykologi, kognitiv utviklingspsykologi og sosialpsykologi satt inn i en rettslig kontekst. Boken gir mange eksempler fra nyere forskning som viser hvor ufullkommen alle ledd i hukommelsesprosessen kan være. I rettssalen opplever vi stadig at det kan være liten

overensstemmelse mellom hva et vitne har sagt i avhør, og hva samme person angir å huske i løpet av vitnemål i foreskjellige rettsinstanser. Et vitne kan dessuten godt være troverdig uten at informasjonen er pålitelig. Forfatteren gir også god forskningsbasert grunnlag for å avlive myter vi ofte møter i rettslig sammenheng, som at traumatiske minner regelmessig fortrenses, og at gjerningsmenn ofte har hukommelsestap for alvorlige voldshandlinger. Forskningen forteller oss at traumatiske minner synes å være preget av større klarhet enn ikke-traumatiske minner, og at psykogen amnesi er et usedvanlig sjeldent fenomen, om det overhodet finnes.

Feilhukommelse og falske minner har mange ganger fått store oppslag i media, kanskje mer i andre land enn i Norge. Boken beskriver hvordan slike fenomener kan oppstå, og gir forslag til prosedyrer for å sikre pålitelighet. Og hvem ville vel ikke gjerne hatt den magiske evnen til alltid å kunne avsløre en løgn? Dessverre har vi ingen metoder som skulle tilsi at vurdering av troverdighet bør overlates til sakkyndige. Forfatteren slår fast at forskningen på våre ferdigheter i å bedømme løgn versus sannhet, og fraværet av pålitelige tegn på løgn, er nedslående i en vitnepsykologisk sammenheng.

Barn som vitner er et viktig tema, og forfatteren gir her et oversiktlig innblikk i hvorfor verken påstander om at barn alltid snakker sant eller at man aldri kan stole på utsagn fra barn, er korrekte. Farene ved fortolkning av lekeobservasjoner og atferd blir gjennomgått, likeså strategier for intervjuing av barnevitner. Noen myter blir avlivet, og forhåpentligvis når dette frem: Det finnes faktisk ikke forskning som validerer projective analyser av tegninger.


Ved hjelp av eksempler på saker kjent gjennom dagspressen knyttes forskningen til det virkelige liv. Generelt bør man være varsom med å bruke slike eksempler ut fra hva pressen har skrevet. Man kan noen ganger sitte igjen med et inntrykk av at retten har truffet feil avgjørelse. Dette er ikke nødvendigvis sant. Pressen kan gjengi misforstått informasjon, feil informasjon, og kanskje særlig manglende informasjon, informasjon som fag- og legdommere har lagt vekt på i sin beslutning. Jeg har selv opplevd å ha vært i rettssaker hvor jeg etterpå har lurt på om de som skrev avisreferat, var i samme rettssal som meg, og i enkelte tilfeller om sentrale dagsaviser var i samme rettssal som hverandre.

Personlig har jeg stor sans for forfatterens anbefalinger om mer bruk av vitnepsykologi i rettssystemet, først og fremst i form av å opplyse retten om den vitnepsykologiske kunnskapen om de generelle spørsmål som saken reiser. Å gjøre en konkret evaluering av aktuelle vitneforklaringer er jeg imidlertid meget skeptisk til. Her kan man komme til å trå farlig nær rettens suverene oppgave; å bedømme skyldspørsmålet.

Forfatteren refererer til de mange incestsakene som er blitt gjenopptatt og har endt med frifinnelse, og mener at mange av de pådømte sakene kanskje hadde endt annerledes hvis de sakkyndige hadde vært vitnepsykologisk skolert. Han har helt sikkert rett i dette, men mer generelt viktig, som forfatteren også påpeker, er det at sakkyndige er forskningsmessig skolert, at man støtter sitt arbeid på empiri og kunnskap, ikke på tradisjoner og skoleretninger.

Direkte, ledende og suggestive spørsmål er ikke forbeholdt etterforskere og avhør, de er i høyeste grad også en del av spillet i rettssalen. Det kan være krevende å stå imot og ikke la seg presse av rettens aktører til å komme med uttalelser om forhold som vi ikke har faglig forsvarlig grunnlag til å uttale oss om.

Jeg vil ikke ta noen forbehold i forhold til å anbefale denne boken. Den er velskrevet, viktig og lettlest til tross for sin grundighet. Den skal definitivt inn på pensumlista i psykologi, og bør være obligatorisk for kolleger som opptrer som sakkyndige i retten. I tillegg vil den nok også treffe resten av de faggruppene den henvender seg til, både etterforskere, jurister og andre.



Hans Olav Fekjær **Rus. Bruk, motiver, skader, behandling, forebygging, historikk**
Gyldendal Akademisk, 2004 Kr 398. 382 sider. ISBN 82-05-33869-8

Hans Olav Fekjær er psykiatar og overlege ved Blå Kors Klinik i Oslo. Fekjær er ein nestor innan rusfeltet her i landet. Han har tidlegare skrive fleire bøker og artiklar om rusmiddel, rusmiddelproblem og speleavhengigheit, og er aktivt kommenterande og debatterande i norske medier.

Med denne boka ynskjer Fekjær å rette på utbreidde feiloppfatningar om rusmidlar. Han vil freiste å heve kunnskapsnivået og å gjere moderne forskningsresultat betre kjende. Bodskaen er at for å drive meir effektiv ruspolitikk og rusførebygging, og få betre behandlingstiltak, må generelle haldningar blant folk, haldningar og praksis blant fagfolk, mediafolk og politikarar vere grunna i fakta heller enn i mytar, tru, moral og forsvar.

«Rus» er ei vidtfermande og omfangsrik bok som tek for seg det meste når det gjeld rusmidlar og rusfeltet. Boka omhandlar rusfeltet si historie, begrepa bruk og «misbruk», motiv for bruk av rusmiddel, skadeverknader, behandling, førebygging, rusmiddelpolitikk og medias omtale av rusmiddel og rusmiddelproblem. Boka har óg tilleggskapittel om dei ulike rusmidla, oversikt over lovene og føreskriftene som er aktuelle for rusfeltet, og eit kapittel om likskapar og forskjellar ved speleavhengigheit og rusavhengigheit.

Ein viktig del av boka dreie seg om rusfeltets grunnlagstenking eller idéhistorie, og Fekjær rettar mellom anna kritikk mot teorien om alkoholisme og folkehelseperspektivet. Utfallet av begge desse tenkingane er at rusproblema vert individualiserte med fokus på den enkeltes avhengigheit eller helse. Befolkningsdata om hensynslaus rusatferd tyder på at konsekvensar av rusmiddelbruk til ei kvar tid er problem for eit par hundre tusen menneske her i landet. Fekjær konkluderer med at hensynslaus rusatferd er det mest utbreidde av alle rusproblem. Fekjær understreker at ein bodskap om at drikkinga i hovudsak rammar drikkaren sjølv, svekkjer det politiske grunnlaget for regulering av drikking og underminerer det felles folkelege engasjementet som er naudsynt for å redusere problema. I boka er det vidare omfattande drøfting av ulike teoriar om motiv for bruk av rusmiddel. Fekjær's konklusjon er at det ikkje dreier seg om kjemisk stimulering av eit «lystsenter» i hjernen, men at kulturell læring har avgjerande påverknad på korleis vi oppfattar effekten eller rusen.

I etterordet – «Er vi på rett spor eller på ville veier» – oppsummerer Fekjær med at vi er på rett veg med omsyn til haldninga og tiltaka overfor narkomane. Vi har innsett at full rehabilitering av alle narkomane ikkje er mogleg, men at det heller er behov for skadereduserande tiltak. Derimot er vårt ynskje om å få «i pose og sekk» når det gjeld alkohol, det vil seie å ha eit høgt gjennomsnittleg forbruk utan å få skadeverknadane i form av auka vald, familieoppløysing, ulykker og helseskader, svært lite realistisk. Vi kan heller ikkje behandle oss bort frå alkoholproblema. Vi må ha ein politisk og førebyggjande tiltak som kan begrense det generelle forbruket.

Dette er ei nyttig bok for alle som ynskjer å skaffe seg eit bilete av rusfeltet. Fekjær skriv lett, og har ei fin evne til spissformulering som gjer boka morosam å lese. Dei som arbeider i feltet, får høve til på nytt å reflektere over det fenomenet ein jobbar med til dagleg både i eit historisk, samfunnsmessig, antropologisk, biologisk og psykologisk perspektiv. Når det gjeld presentasjonen av dei psykososiale behandlingstilnærmingane i rusfeltet i Noreg i dag, synest eg ikkje framstillinga i boka gjenspeglar det mangfaldet av behandlingstilnærmingar og behandlingstiltak vi har. Eg saknar til dømes omtale av psykodynamisk orientert behandling, som har vore og framleis er eit betydeleg innslag i rusfeltet, ikkje minst innan gruppeterapi. Spørsmålet i kva grad behandling nyttar med tilvisning til effektforskning kunne óg vore teke med. Eit av Fekjær's føremål med boka er å fremje kunnskap om moderne forskning i rusfeltet. Det kan synast som om ein del forskingsreferansar er gamle. Nyare forskning kunne ytterlegare klargjort spørsmål som til dømes kliniske effektar av alkohol.

Teksten sto på trykk første gang i Tidsskrift for Norsk psykologforening, Vol 43, nummer 1, 2006, side 60-61

ANMELDT AV

Kirsten Rasmussen, Kompetansesenter for sikkerhets-, fengsels- og rettspsykiatri, Avdeling Brøset, St. Olavs hospital Psykologisk institutt, Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet (NTNU)

OMTALT AV

Gry Kvamme